



**FUSA KOMMUNE**  
**Kultur**

Det Kongelige Barne og Likestillings- og inkluderingsdepartement

Postboks 8036 Dep  
**0030 OSLO**

Løpenummer : 12/3439  
Arkivkode : FA-C83, TI-&13  
Sakshandsamar : Erik Vangsnes  
Direktenr. tlf. : 56580153

Dato : 15.05.2012

Vår ref.:  
Saksnr.: 12/194 - 7  
(Oppgje "vår ref." når De tek kontakt om saka.)

Dykkar ref.:

**UTTALE FRÅ FUSA UNGDOMSRÅD TIL NOU 2011: 20 UNGDOM MAKT OG MEDVIRKNING**

**24.04.2012 UNGDOMSRÅDET**

**Handsaming:**

**UNG-008/12 VEDTAK:**

Fusa ungdomsråd gjev slik uttale til NOU 2011:20 Ungdom makt og medvirkning:

Høringa om "Ungdom, makt og medvirkning" er nyttig for å setja fokus på ungdom si stilling i samfunnet.

Fusa ungdomsråd meiner at det skal vera frivillig for kommunane å oppretta ungdomsråd, men det bør vera eit tilbod om ungdomsråd i alle kommunar.

I retningslinene for ei slik ordning må det vera ein fleksibilitet som gjer det mogeleg å tilpassa organiseringa til lokale forhold. Sjølv om målgruppa i utgangspunktet er 14-18 år må det vera mogeleg å rekruttera yngre og eldre representantar der dette er tenleg. Retningslinene må i det heile vera av generell art og vera lite detaljerte.

Det må også skje ei satsing på ungdomsråd på det regionale nivået. I Hordaland har vi gode erfaringar med Ungdommens fylkesting. I utgreiinga vert det lagt avgjerande vekt på kompetanseheving av tilsette i kommuneadministrasjonane som skal følgja opp ungdomsråda. Med mange små kommunar er ein avhengig av hjelp og koordinering frå fylkesnivået for å få til ei slik kompetanseheving. Her må ein også få til ei regelmessig opplæring av ungdomsråda.

---

Besøksadresse:

Postadresse:

P.b 24  
5649 EIKELANDSOSEN

Telefon: 56 58 01 00  
Telefaks: 56 58 01 02

E-post: [postkasse@fusa.kommune.no](mailto:postkasse@fusa.kommune.no)

Fusa Kommune:

Organisasjonsnr.: 964 968 896  
Bankgironr.: 3420 07 00920

Ein vil rå til at det vert innført eit stimuleringsstilskot til kommunar og fylkeskommunar med ungdomsråd, men då må den statlege løyvinga vera stor nok. 10 millionar kroner frå staten monnar lite. Statlege retningsliner og statlege pengar er likevel ikkje nok. Det er heilt avgjerande at kommunane over tid set inn ressursar på å følgja opp arbeidet med ungdomsråd og involvering av ungdom generelt.

Kommunane sit med nøkkelen til at dette skal fungera og må sjå seg tente med at det fungerer. Fusa ungdomsråd meiner at ungdomsråda er ein stor ressurs for kommunane og lokaldemokratiet om dei vert administrert, utvikla og brukte på rett måte.

Med helsing

Erik Vangsnes  
Møtesekretær